



Foto: Kirkens Nødhjelp

KJÆRLEIK

Frå og med fastelavnssøndag

Kirkens Nødhjelp sitt symbol med hendene og dua er henta frå bibelforteljinga om Noah. Då storflaumen var over, lova Gud at han skulle verna livet mot dødskreftene. For å gje Noah eit synlig teikn på dette, sette Gud regnbogen på himmelen. Regnbogen er eit håpsteikn, eit teikn på at ein ny start alltid er mogleg. Dette håpsteiknet tek vi med oss inn i fastetida.

Kjære Gud, takk for fastetida. Den gjev rom for både handling og refleksjon. Lat oss ikkje verta for sjølvopptekne, men hjelp oss så vi rettar blikket utover og ser dei mange som treng din kjærleik. Og minn oss daglig om at det er vi som er dine hender og føter.



Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp

FORANDRING

Frå og med 1. søndag i fastetida

– Alt her har handla om å hente vatn. Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og brukte to timer. Då eg kom heim, sprang eg til skolen for ikkje å kome for seint. Etter skolen sprang eg heim for å gå i to nye timer. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned å gjere lekser, fortel 15 år gamle Deodata frå Mbulu i Tanzania. Men i 2020 forandra livet seg, området dei bur i fekk tilgang på rent vatn då Kirkens Nødhjelp bora etter vatn og reparerte brønnar.

Kjære Gud, du som skaper alle menneske i ditt bilete. Lat oss sjå kvarandre slik du ser oss, så vi ikkje vert freista til å laga skilje mellom oss og dei andre. Hjelp oss så vi kan bidra til at alle menneske får dei grunnleggjande rettane sine til vatn, mat og tryggleik.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp

RETTFERD

Frå og med 2. søndag i fastetida

Kan du tenkje deg 2 1/2 år utan ein drope regn? Ikkje ein滴e!
– Først døyr avlinga, så husdyra
og no står barna våre i fare. Før
hadde vi 300 geiter, no er det berre
3 igjen på grunn av den ekstreme
tørken, dette fortel folk i Somalia.
Det er framleis ikkje rettferdig at
dei fattigaste blir råka så hardt av
klimaendringane. Bli med Kirkens
Nødhjelp i kampen for rettferd;
med krav om at menneskeskapte
klimaendringar får menneskeskapte
løysingar. Saman skapar vi
endring!

**Kjære Gud, du som
skaper og frigjer. Takk
for at du har gjeve oss
jorda. Minn oss alltid på
at vi har henne til låns.
Gje oss mot til å forandra
fastlåste tankesett, og
bruka evnene våre til å ta
vare på kloden vår. Hjelp
leiariane våre til å gjera
berekriftige val og vedtak.**





Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp

HÅP

Frå og med 3. søndag i fastetida

Klimaendringane truar planeten vår, men i Etiopia spirer eit stort håp. Der jobbar prestar på spreng for å læra opp folk til å ta vare på skogen og planta nye tre. Ein av dei er Abraham Mekonnen. – Kyrkjeskogen, Menagesha, er fleire tusen år gammal. Vi kallar han for «Addis Ababas lunge», seier han og forklarar korleis tre fangar opp klimagassar. Ved å sikra skogen, tek ein også vare på dyreliv, plantar og menneske.

Kjære Gud, takk for at du har gjeve oss evnen til å håpa. La oss bruka håpet til å skapa forandring i oss og rundt oss. Gje oss mot til å ta vare på skaparverket ditt også når det kostar. Gje krefter og kreativitet og heilagt utålmod.





Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp

VATN

Frå og med 4. søndag i fastetida

Reint vatn er meir enn berre vatn. Reint vatn er ein nøkkel til liv, helse, likestilling, fred og katastrofeberedskap. Difor er Kirkens Nødhjelp sitt arbeid med vatn ein "blå tråd" gjennom dei fleste prosjekta våre. Å kjempa mot fattigdom er å gje menneske nye sjansar i livet. Reint vatn er eksempel på det. Vi ser at reint vatn forandrar liv og forenklar kvardagen til millionar av menneske, som Shedrack. Vatn forandrar alt.

Kjære Gud, takk for dine livgjevande dråpar. Dei stiller tørsten og gjev oss nye krefter. Hjelp oss å sjå at vatn skaper rettferd, og til å forstå kor verdfullt vatnet er så vi ikkje ureinar eller sløser med dine gode gåver. Takk også for dåpsvatnet som gjev oss nytt liv.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp

FELLESSKAP

Frå og med Maria bodskapsdag

Det heile byrja med ein brønn.
– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein helt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege, har jobb, skolane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg og bøndene kan igjen dyrke grønsaker. Nizar Seleman Utanga er tilsett i Kirkens Nødhjelp i Tanzania. Synet som møtte henne for sju år sidan gav lite grunn til håp, men sidan den gongen har ho vore med på ei endring av 126.000 liv i Mbulu i Tanzania.

Kjære Gud, du møter oss menneske med nåde og fred. Takk for alle som brukar dei sjansane dei har til å skapa ei meir rettferdig verd. Hjelp oss å byggja fellesskap, og velsign alle som er med på Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



DEN STILLE VEKA

Frå og med palmesøndag

Krossen over er frå Etiopia og er plassert i kapellet til Kirkens Nødhjelp. Det er eit synleg teikn på at vi tilhører ei verdsvid kyrkje. Den ortodokse kyrkja i Etiopia er ei av dei eldste kyrkjene i verda, og krossen er litt annleis enn dei krossane vi er vane med i Noreg. Men også denne har både ein vertikal og ein horisontal akse. Det minner oss om at fastetida har rom for både stille og engasjement for andre. Bøn og handling er eitt.

Kjære Gud, takk for at du gav oss Sonen din, Jesus Kristus, som vart prøvd i alt. Ver med alle som opplever sorg og smerte. Vi ber om fred og rettferd for alle menneske. Og minn oss daglig om at det er vi som er dine hender og føter.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance